


Kyrkjeblad for Øygarden

Øy Nytt



I dette
nummeret
kan du m.a.
lesa:



Vigsel med
forviklingar Side 4



Lat oss byggje
kyrkjelydar Side 6



Jinka-prosjektet
Side 8

Nye kyrkjelydstypar i Den norske kyrkja



Overraskande er det, men likefullt ein realitet:

I Den norske kyrkja er det no offisiell kyrkjepolitikk-og kyrkjerett med nye kyrkjelydstypar, slik det går fram av Kyrkerådet sitt blad Kirkeaktuelt 3/2009.

Vi attgjev oppslaget som tillegg til leiren i dette ØyNytt.

Frå vårt eige prestegjeld kjenner vi så langt våre to sokn Hjelme og Blomvåg som våre kyrkjelydar.

Lat det vere tydeleg sagt at ikkje bare er dette lang og god kyrkjeleg tradisjon, men soknet, den geografiske kyrkjelyden (av å søke, nemleg søker Herren i Ord og Sakrament saman med Hans Folk der vi bur) rommer ei djup åndeleg livsline attende til Skrifta.

Det er nok å minne om innleiingane til dei Nytestamentlege brev, t.d. i Efesarbrevet:

"Paulus, etter Guds vilje Jesu Kristi apostel, helsar dei heilage i Efesos, dei som trur på Kristus Jesus. Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus!"(Ef.1,1)

Når vi samlast til gudsteneste i våre to soknekyrkjer, står vi framleis i same tradisjonen når presten teiknar krosssteiknet og seier: "I Namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande"(etter Misjonspåbretet og Ef.2,18)og så held fram med Den Apostoliske Helsinga over.

Men nettopp for at vi framleis skal kunne stå i den apostoliske tradisjonen tyder mykje på at vi no bør setja oss ned for å drøfte supplement og alternativ til soknekyrkjelyden.

I det friviljuge kristne arbeidet har tanken om forsamlingsbygging lenge vore eit tema.

Den nye kyrkeretten vil kunne vere til hjelp uansett kva for kyrkjeleg ståstad ein har.

Og i arbeidet med gudstenester og andre samlingar, trusopplæring, diakoni og misjon, m.v.

Og vil kunne sikre kyrkjeleg samling og samhald i framtida.

svennam@hotmail.com

Ulike kyrkjelydar

Dei siste åra har det vakse fram fleire variantar av kyrkjelydar innan ramma av Den norske kyrkja. Her er ei oversikt over omgrep som er i bruk. I somme tilfelle kan omgrepene gå noko over i kvarandre.

SOKNEYRKJELYD

Soknet er den grunnleggjande eininga i Den norske kyrkja. Tradisjonelt er omgrepet kyrkjelyd blitt brukt om fellesskapet av kyrjemedlemmer i eit geografisk definert sokn.

OMRÅDEKÝRKJELYD

Områdekýrkjelyd vil seie at soknerådet skil ut eit avgrensa geografisk område innan soknet og dannar ein sjølvstendig gudstenestefeirande kyrkjelyd. Bakgrunnen er gjerne befolkningsvekst eller geografisk avstand.

PROFILKÝRKJELYD

Profilkýrkjelyd blir brukt om ein kyrkjelyd med ein særskild profil, som ofta innan eit sokn. Arbeidet kan vere retta mot menneske med ei bestemt interesse eller menneske som er i ein spesiell livssituasjon (til dømes småbarnsfamiliar).

VALKYRKJELYD

Valkyrkjelyd er ein profilkyrkjelyd som strekk seg over to eller fleire sokn, og har status som eit sjølvstendig sokn. Forskjellen frå profilkyrkjelyd er at medlemsskapet i Den norske kyrkja blir flytt frå den geografiske kyrkjelyden (sokneyrkjelyden) til valkyrkjelyden.

KATEGORIALKÝRKJELYD

Kategorialkyrkjelyd er kyrkjelyd for personar som permanent eller mellombels ikkje høyrer inn under ein ordinær lokalkyrkjelyd, eller er i ein bestemt livssituasjon (til dømes Døvekyrkja og Samisk kyrkjelyd i sør-samisk område.)



Den norske kyrkja i Øygarden

ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

| | |
|---------------------|---|
| Utgjevar: | Hjelme og Blomvåg kyrkjelydar |
| Redaktør: | Odd N. Thormodsæter |
| Kontingen: | Min. kr 100,- innan kommunen Min. kr 150,- utanom kommunen |
| Takkeannonser: | kr 100,- |
| Kontonr. | 3628.07.02557 |
| Trykk: | Grafisk Trykk, 5353 Straume |
| Distribusjon i Øyg. | Hurtiglevering, tlf 9866 5329 |

Kyrkjakontoret:

| | |
|--------------------|--|
| Besøksadresse: | Rong senter, 2. etasje |
| Postadresse: | Boks 144, 5331 Rong |
| Telefon: | 5638 2240 |
| Faks: | 5638 2241 |
| Vakttelefon prest: | 5638 2244 |
| E-post: | kontor@kyrkja.net |
| Heimesider: | www.kyrkja.net |
| Ekspedisjonstid: | måndag – fredag: 0900 – 1500 |

Tilsette:

| | |
|--------------|--|
| Kontorleiar: | Kari Sandøy Rong |
| E-post: | kontor@kyrkja.net |

| | |
|--------------------|--|
| Kyrkjelydspedagog: | Trine Overå Hansen |
| E-post: | kyrkjelydspedagog@kyrkja.net |
| Telefon: | 5638 2247 |

| | |
|---------|--|
| Kantor: | Anne Lise Grøm |
| E-post: | kantor@kyrkja.net |
| Tlf. | 5638 2245/9188 1208 |

| | |
|-------------|--|
| Sokneprest: | Svenn Martinsen |
| E-post: | sokneprest@kyrkja.net |
| Tlf. | 5638 2244/9506 7890 |

| | |
|---------------------|--|
| Diakonimedarbeidar: | Bjørg Blom |
| E-post: | diakon@kyrkja.net |
| Tlf. | 4781 6181 |

| | |
|--------------|--|
| Kyrkjeverje: | Odd N. Thormodsæter |
| E-post: | kyrkjeverje@kyrkja.net |
| Tlf. | 5638 2243/990 16 616 |

| | |
|-----------------------------------|------------|
| Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Blomvåg: | |
| Kåre Kristoffersen, | 911 05 197 |
| Klokkar i Blomvåg: | Ole Vik |

| | |
|----------------------------------|-----------------------|
| Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Hjelme: | |
| Kjellaug og Raymond Vik | 900 30 753/900 75 652 |

| | |
|-----------------|-----------|
| Blomvåg kyrkje: | 5638 7022 |
| Hjelme kyrkje: | 5638 8030 |

Råda:

| | |
|-----------------------------|--------------------------|
| Hjelme og Blomvåg sokneråd: | Leiar: Olaug Merete Rong |
|-----------------------------|--------------------------|

| | |
|--------------------------------|------------|
| Øygarden kyrkjeloge fellesråd: | |
| Leiar: | Atle Dåvøy |

Beredskapsordning for Vesthordland prosti

Tlf. 954 83 655

Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske situasjoner.

Beredskapsordninga gjeld på kvardagar frå kl 1700 til kl 0800 neste dag. Laurdag og søndag gjeld ordninga heile døgeret. Vakttelefonen for Øygarden på dagtid er som før 5638 2244.

MIN SALME

av Torill H. Fjeldstad



1. Opp, alle ting som Gud har gjort,
hans herlighet å prise!
*Det minste han har skapt, er stort og
kan hans allmakt vise.*
2. Gikk alle konger frem på rad i all sin
makt og velde,
de maktet ei det minste blad å sette på
en *nelde. (*nesle)
9. Opp, alle folk på denne jord, syng
frydetoner sammen:
*Halleluja, vår Guder stor! Og himlen
svarer: Amen!*
(nr. 283 i salmeboka)

For meg vart det vanskeleg å velja ut ein salme som min. Det er så mange av dei som eg opplever som spesielle og som talar til hjarta mitt. Eg har likevel valt ein som eg har tenkt mykje på i det siste, som eit apropos til det avslutta klimatoppmøtet i København.

"Opp, alle ting som Gud har gjort" er skriven av Brorson, dansk salmediktar og biskop. Eg lærte salmen ein gong på 1950-talet på Nygård skule i Bergen. Lærarinna vår las og forklarte med innleiving – vers etter vers. Eg sat med vidopne øye og vidope barnesinn og tok imot alt. "Gikk alle konger frem på rad i all sin makt og velde, de maktet ei det minste blad å sette på en nelde." I fantasien såg eg korleis alle kongane med kapper og kruner strevde med neslestilk og nesleblad, og ikkje fekk noko til.

Det er ein flott salme. Brorson "målar" på vakkert vis verda for oss. Med enkle ord, barnleg undring, vaksen kraft og audmjukskap får han fram den store Gud og det store skaparverket.

Og vi har alle, med og utan "makt og velde" eit ansvar i bruken og forvaltinga av dette.

Eg utfordrar Kjellaug Solsvik til å skriva neste gong.

Gamalt biletet frå Øygarden



Lærar Bjørg Vik, saman med elevar fødde i 1956.
Frå venstre: Anita Knarvik, Solbjørg Blomvågnes, Liv Edel Knarvik, Gunvor Sæle, Evelyn Husebø, Marit Blom, Kari Blom, Johnny Blom, Johan-Anton Flåten, Oddvar Sæle, Steinar Torsvik, Jon-Reidar Andersen og Alf-Svein Blomvågnes.

Fotoeigar : Knut Blomvågnes

**Frist for stoff til
nr. 2/10: 10. mars
nr 3/10: 5. mai**

Vigsel med forviklingar!

Mange i Øygarden kjenner nok til Inger Marie Blom, eller Mie, som dei også kallar ho. Ho er vaksen opp på Blom. Tidlegare har vi i Øynytt skrive om Inger Marie, og hennar arbeid i Bolivia. I 2005 reiste ho første gong til Cochabamba i Bolivia. Der arbeidde ho på ein barneheim og ein kristen skule for born i alle aldrar fram til 2008. I desse åra var ho også engasjert i frivillig arbeid i menigheten og på skulen. Men engasjementet hennar i Bolivia skulle også føre til endringar på andre plan i livet hennar...

Av Trine Overå Hansen

I Bolivia møtte ho ein kjekk gut som heite Alan. Tida gjekk, og sommaren 2009 ringforlova dei seg, før han vart med Mie heim til Øygarden. Det var i Noreg, nærmere bestemt i Blomvåg, at dei to ville halde den store bryllaupsfesten.

Datoen vart sett til 31.desember, på sjølvaste nyttårsafta, og det vart ordna med kyrkje, prest, festlokale, blomar, fotograf, mat, klede, invitasjonar og alt som elles hører med når det skal vera bryllaup. Og alt gjekk så fint, heilt til dei fekk den urovekkjande meldinga.

15.desember var Mie og Alan i samtale med Svenn Martinsen på prestekontoret for å bu seg til sjølve vigselen. Etter dei nye reglane om kontroll av ekteskapsvilkåra, er det ikkje lenger presten som syter for dette, og dermed bar det inn til Bergen på Folkeregisteret. Snart skulle bryllaupsførebuingane få ein heilt annan dimensjon.

Problemet var at Folkeregisteret ikkje ville godkjenna det eine papiret som Alan hadde levert, nemleg papiret om Alan sin sivile status. Dette hadde han fått til Norge, men sjølv om papiret var stempla og godkjent på eit offentleg kontor i Bolivia, var ikkje dette godt nok for Folkeregisteret. Det var riktig papir, men problemet var at det ikkje var ein original og det måtte vera stempla frå høgaste norske myndigkeit i landet. I Bolivia vil det seia Det Norske Konsulatet. Dette var svært dramatiske nyhende for dei to og familiene deira.

Dei kunne nesten ikkje tru det dei fekk høyra. For korleis kunne Folkeregisteret stoppa dette når UD allereie hadde godkjent dette papiret?

Det var ein nedtrykt gjeng som sat i stova på Blom og prøvde å finne løysingar.

No starta prosessen med å ringe rundt og spore opp det uendelege viktige papiret. Frå UDI til politiet i Bergen, til politikammeret på Askøy, til ambassadar i inn- og utland osv. Dei fekk då vite at papiret dei måtte ha tak i var i Bolivia. Det enda med at foreldra til Alan måtte hente ut nye originale papir i Cochabamba, få dei



Mie "går Lucia" saman med barneheimsbarn i Cochabamba i Bolivia



Frå vigselen i Blomvåg kyrkje 31.12.09 (Foto: ONT)

stempla i fylket, så i hovudstaden La Paz, før dei kunne få siste stempelet på Det Norske Konsulatet der. Det vart så sendt med ilpost til Noreg. Det var to spente familiar som venta på at dokumentet skulle koma fram, sidan det var jul med mange helgedagar.

Dokumentet spora dei opp på internett og fylgte det den lange reisa over havet. Det gjekk frå La Paz, via Miami, Ohio, Tyskland, Göteborg, Gardemoen og endeleg til Flesland. Dei kontakta Folkeregisteret igjen, slik at dei kunne begynne å klargjere alle papira. Då fekk dei den nedslåande meldinga at det tok 14 dagar å gjøre klart, men det var berre to dagar att til bryllaupet! Folkeregisteret

krevde også at dokumentet skulle oversetjast til norsk. Og det måtte gjerast av ein som var offentleg godkjent tolk. Men i siste liten fekk dei ordna med dette, og dei fekk det etterlengta papiret tirsdag 29.desember to dagar før bryllaupet.

Nyttårsafta kunne Mie og Alan endeleg feira staseleg bryllaup i Blomvåg. Som de ser på biletet var det eit nydeleg brurepar som ga kvarandre sitt ja i kyrkja på nyttårsafta. Festen sto på Blom bedehus, der dei hadde ei flott feiring saman med familie og vener.

Dei seier det har vore ein tøff prosess, men samstundes har dei kjent på at dei kunne få legge alle bekymringane sine på Gud. Og dei har verkeleg fått sett korleis Han har hjelpt dei gjennom det heile. No ynskjer dei at andre i samme situasjonen skal vita at dei må vera ute i god tid, slik at dei slepp å oppleva det samme som dei har gjort denne jula.



Økonomisk rådgjeving

I fjor haust starta NAV opp sin nye økonomiske rådgjevingstasjon **800GJELD**.

Vi spør gjeldsrådgjevar Trond Angeltveit på NAV Øygarden kva dette inneber.

-Dette er i første rekke ei telefontjeneste som skal gi sjølvhjelp til brukarar med økonomiske problem, eller som står i fare for å få det.

Tekst og foto: ONT

Telefonnummeret **800GJELD** er lett å hugsa og gjenspeilar det tenesta står for. Dersom ein byttar ut tasturbokstavane **G-J-E-L-D** så får ein telefonnummeret (800 45353).

Kvifor har NAV gjort dette?

-Ofte skal det enkle grep til for å kome ut av eit økonomisk uføre.. Tanken er at denne nye tenesta skal kunne hjelpe brukarane på eit tidleg stadium. Ved å hjelpe med råd og vegleiing vil mange få høve til å løysa saka sjølv før dei treng hjelp i form av sakshandsaming.

Må ein oppgi namn og personnummer når ein ringjer denne telefonen?

-Her kan innringjarane vera anonyme og tenesta er gratis frå fasttelefon.

Tenesta tilbyr også å ringja tilbake for dei som ønskjer det.



Trond Angeltveit

Er det mange som har nytta seg av tenesta til no?

-Sidan tilbodet starta opp i slutten av oktober, har over 600 personar på landsbasis fått hjelp av **800GJELD**. Dei som ringjer har gjeldsproblem som strekkjer seg frå 1000 kr til fleire millionar. Ofte er det snakk om forbruks- og kredittkortgjeld som har gått til inkasso. Dei høge rentene på slike lån gjer at mange hamnar i store økonomiske vanskår.

Kva kan du hjelpe folket i Øygarden med?

-Nokre blir frå **800GJELD** henvist til NAV Øygarden. Eg kan då hjelpe til med å rydda opp i deira personlege økonomi og til å inngå avtalar med kreditorar.

Viktig melding!

Midlertidig stenging av Blomvåg kyrkje

Under rehabiliteringsarbeidet med Blomvåg kyrkje er det oppdagat betydelege roteskadar i berande konstruksjonar i golvet.

Det er halde møte om sakar fredag 22. januar saman med kommunaleiinga og representant frå BHAS-bygg som utfører rehabiliteringsarbeidet. I dette møtet er det gjort vedtak om at kyrkja vert stengd umiddelbart på ubestemt tid. Det er alt sett i gong arbeid med å avdekka kva bygningsmessige tiltak som må gjerast for å utbetra skadane. I og med at roteskadane er omfattande må ein rekne med at det vil ta noko tid før kyrkja igjen kan nyttast. Informasjon om framdriftsplan kjem seinare. Alle kyrkjelege handlingar må i denne perioden leggjast til andre lokale. Informasjon om dette vert gjort kjend med oppslag og informasjon i VestNytt. Når det gjeld konfirmasjonane vil dei verta flytta til Hjelme kyrkje. Det vil verta sendt brev til alle konfirmantar om dette.

Odd N. Thormodsæter - Kyrkjeverje
Olav Martin Vik - ordførar

Bursdagsfeiring med visjonar!



Då Alva Chan fylte 7 år i januar, syntest ho at ho hadde fått nok pakkar til jul. I staden for gavet til seg sjølv ønskte ho å gi pengar til eit misjonsprosjekt som familien Sanden driv i Mali.

I bursdagen fekk ho inn heile 700 kr til dette prosjektet. Pengene er sendt!

Trendy kids

Butikken for barn
Åpner på Rong Senter
Fredag 12. mars Kl. 10:00

Lat oss byggje kyrkjelydar

Biskop Halvor Nordhaug hadde med seg ein ny visjon til Bjørgvin: *Saman vil vi være Den treeinige Gud.* – Dette er ei overskrift over livet i kyrkja vår, seier biskopen.

Av Jens Z. Meyer

Foto: Lars Ove Kvalbein

Saman med bispedømerådet har han konkretisert visjonen i tre underpunkt: **Forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar og fremje rettferd.**

Me har bede biskopen forklare kva desse underpunktata betyr.

Forkynne Kristus

– Visjonen som vart nytta i Ole D. Hagesæther si bispetid, handlar om å forkynne Kristus: Saman vil vi gjere Kristus kjend, trudd, elskar og etterfølgd! Dette er sentralt for kyrkja, og vil alltid gjelda, seier Halvor Nordhaug.

Byggje kyrkjelydar

– Korleis byggjer me kyrkjelyd?

– Å byggja kyrkjelyd er på ein måte noko som ein gjer overalt – gudsteneste, møte, barnearbeid, gravferd, konfirmanttime. Men meir direkte sagt, handlar det om å arbeida langsigktig og strategisk med å gjera kyrkjelyden til det den skal vera og til å gjera det den skal gjera. Dette er faktisk ikkje sjølv sagt, for det er lett å driva etter prinsippet om å gjera ting slik me alltid har gjort det. Det er skilnad på å gjera ting rett og å gjera dei rette tinga, seier biskopen som har arbeidd mykje med kyrkjelydsutvikling som praktikumsrektor på MF.

– Kva er dei viktigaste spørsmåla eit nytt sokneråd kan stilla seg ved inngangen til ein ny periode?

– Det første soknerådet bør gjera er å ta eit steg eller to til sides for å spørja: – Er det nokon område me skulle ha gjort noko på? Noko me skal forsterke? Noko nytt? Noko me skal byggja ned? Og så er det mogleg ein skal vera så naiv som å spørja ”Kva ville Jesus ha gjort?”

– Ja, kva ville han ha gjort?

– Han gjekk i alle fall avsides. Soknerådet bør gå avsides, be og snakka om kva dei skal gjera. Det farlegaste er å fortsetta drifta der det gamle slapp. Dersom dei berre gjer ting rett, men ikkje gjera dei rette tinga, blir det lite framgang. ”Berre forfallet går av seg sjølv,” er det nokon som har sagt. Let ein tinga stå som dei er, går det nedover, både med hus og kyrkjelydar. Også eit sokneråd må bevisstgjera seg på kva som er det vesentlege i kristen tru. ”Kva er det



Visjonen skal hjelpe oss til å sjå kva det er å vera kyrkje, se

å vera kyrkje?” Her skal visjonen vera til hjelp, seier Halvor Nordhaug.

– Er det nok for ein kyrkjelyd å halda gudsteneste?

– Det er i alle fall det viktigaste, men det er ingen som vil seia at kyrkjelyden avsluttar kl. 12.15 søndag. Det må vera mogeleg å få auge på kyrkjelyden elles i veka også. I 1. Kor. 12 står det om kyrkja som Kristi kropp med mange lemmer. Slik er Kristus til stades i verda. Det seier seg sjølv at Kristi kropp ikkje berre kan vera til stades på søndag. Dersom du les Det nye testamentet vil du sjå at Kristus er hjå dei små og svake. Difor skal kyrkja ikkje berre vera til stades med ord. Me skal også handla, visa omsorg eller diakoni som det heiter i kyrkja: Arbeida for gode fellesskap, gjera noko for sjuke og einsame, tilby barnepass for einslege foreldre osb.

Rettferdig lommebok

– *Det siste underpunktet til visjonen er å fremje rettferd. Handlar det om at kyrkja skal driva politikk?*

– Det er meir enn politikk. Det handlar for eksempel om miljø - at kyrkjelydar i si eiga forvaltning tek ansvar for miljøet, tek ansvar for sitt eige hus. Det andre er å vera ei profetisk røyst inn i det politiske rommet utan å vera politikar. Dette kan også soknerådet ta del i, dersom det er snakk om for



er biskopen

eksempel ei lokal miljøsak. Vidare er fasteaksjonen til Kirkens nødhjelp ein glimrande måte å fremja rettferd på. Kyrkjelydane har samla inn mange millionar som går rett til dei som har bruk for det. Sokneråda får masse brev til dei som vil ha takkeoffer. Då er det viktig at misjon og nødhjelp ikkje fell under bordet. Diverre har delen av ofringar til eige arbeid stige kraftig. Det er ei stor freisting å la brorparten gå til eige arbeid. For å motverka dette, må det vera mogeleg å satsa offensivt på ein heilt annan måte. Noko av det verste ved statskyrkjeordninga, er at ein har blitt avskore frå det frikyrkjene opplever – at ein må gje pengar til eigen kyrkjelyd for at den skal overleva. Linja frå den enkelte medlem til kyrkjelydsarbeidet er lang og uoversiktleg, meiner biskopen som oppmodar kyrkjelydane til å satsa på gevartenesta si.

– Det er lettare å sleppa Jesus inn i hjarta enn i lommeboka. Det vert snakka for lite om pengar. Etter at eg sjølv vart biskop, oppdaga eg at eg har mykje pengar. Då blir eg utfordra til å gje tiende. Det er eit evangelisk råd til kristne. Dersom ein ikkje gjev 1/10 til andre enn seg og sine, kan ein spørja seg om kvifor det, seier biskopen som gjerne vil vera praktisk i si tilråding. – Finn ut kva du vil gje pengar til, og avtal faste trekk frå banken. Viss denne tankegangen får innpass hos mange kristne, vil dette bety ein stor forskjell, seier han.

Abort og menneskeverd

– Den profetiske røysta handlar også om å tala inn i det offentlege rom om viktige saker og slik vera med på å skapa eit trykk som gjer at politikarane handlar. Dette gjeld til dømes i innvandringsdebatten, om internasjonal solidaritet og innanfor eit saksområde som var viktig på 70-talet, abortproblematikken. I den saka handlar det fremja rettferd om å tala til samvitet om at sjølv om lova seier det er rett med abort, så er det ikkje av den grunn rett. At det vert abortert 14000 foster i eit av verdas rikaste land, er ein skandale i eit menneskerettsperspektiv. På same måte må me slå ring rundt menneskeverdet i livets avslutningsfase. Me må gå mot forslag om aktiv dødshjelp som det har kome framlegg om i det siste. Livet er det ikkje me som gjev og heller ikkje me som skal avslutta, seier biskopen.

Body Wrapping

Ønsker du å fjerne
avfallstoffer og
cellulitter på en
behagelig og
effektiv måte?



Prøv og du kan oppleve:


Slankere kropp

Fjerning av avfallstoffer

Cellulitter blir borte

Oppstrammet kropp

Økt energi



ØYGARDEN HUD & KROPPSPLEIE

Rong Senter - Tlf.: 56 38 95 15

Vest Modul AS

5336 Tjeldstø



- Tilbygg
- Nybygg
- Rehabilitering
- Montering og utleige av brakker

Normann 958 19 905

Ingvard 958 10 967

Trelastlager Tjeldstø

Rapport frå Jinka-prosjekte



Hei alle saman!

Ved Øygarden Ungdomsskule er vi så heldige at kvart år får to elevar og to lærarar reise ned til Etiopia i samband med operasjon Jinka. Den 17. november 2009, var det vår tur. Flyturen til hovudstaden i Etiopia, Addis Abeba, var lang og til tider slitsam, så vi var nøgde då vi endeleg landa seint på kvelden. Vi blei henta på flyplassen og køyrd til staden vi skulle bu som heitte Norwegian School. Her blei vi tatt godt i mot og tildelt eigne rom som var over all forventning.



Regine og Lars Martin.



Ikkje før dagen etter, såg vi Addis i dagslys og tok våre første skritt ute i sjølve byen. For oss som kjem frå den vestlege verda, er det ikkje lett å forstå at dette kan kallast ein hovudstad. Det er så annleis og så fjernt for oss at



Barne- og ungdomssider • Barne- og ungdomssider -

det verkar som om vi var i ei ny verd! Gatene kan ikkje samanliknast med nokon av gatene ein kan sjå i Noreg. Dei var skitne, og fortau såg vi sjeldan noko til. Konteinarar blei brukte som butikklokale og mange hus var laga av bølgjeblekk.

Ein annan ting som vi la merke til i Addis, var den enorme kontrasten mellom fattig og rik. Til dømes kunne ein sjå Hilton og Sheraton hotell, som er to velkjende og eksklusive hotellkjedar. Rett attmed desse hotella var det slum med hus av bølgjeblekk. Men sjølv om mange av etiopiarane levde i fattigdom, verka dei utruleg glade, smilande og nøgde – ein eigenskap mange i den vestlege verda kan ta lerdom av.

Etter nokre dagar i Addis, bar turen vidare til Jinka. Vi besøkte først og fremst Jinka, grunna prosjektet kommunen vår driv i samband med sjukehuset der. Kommunen, saman med

Øygarden Ungdomsskule samlar inn pengar som går til drift av sjukehuset. Sjukehuset er veldig, veldig lite samanlikna med dei vi har her i Noreg. Trass i dette dekkjer det eit område på storleik med Hordaland og halvparten av Sogn og Fjordane. Det er eit sjukehus som er enormt viktig for befolkninga i området. Vi var der, og vi såg at det nyttar!



Til slutt vil vi berre seie at vi er utruleg glade for at vi fekk reise på denne fantastisk kjekke og lærerike turen.

Helsing Regine, Lars Martin, Gunnar og Mette-Linda, fra Øygarden ungdomsskule.



Gunnar og Mette-Linda.

Gøy med skulelaget!

Skulelaget på Øygarden ungdomsskule samlar mange ungdommar kvar torsdag i matpausen. Men dei har plass til mange fleire, så om du går på ungdomsskulen, er du hjertelig velkommen til å vera med!

Tekst: Trine Overå Hansen

Nyleg var det styremøte i skulelaget på kyrkjekontoret på Rong. Der vart det mellom anna valgt ny leiar for laget, nemleg Åse Straume Lyslo ifrå 9.klasse. Ho tek over etter Lars Martin Vik, som no går i 10.klasse.

Styret anbefalar alle å avlegga skulelaget eit besøk. Når eg spør dei kvifor folk skal gå på skulelaget, seier Lars Martin at dei har veldig kjekt sosialt samvær. Maria legg til at det er kjekt å få åndeleg påfyll i kvar dagen. Dei kan dessutan friste med sjokolade og kjærlighet på pinne, ”og frå Gud!” ,skyt Regine inn. Om ikkje så lenge planlegg dei ein tur på Pepes for heile styret. Ein fin måte å oppmuntra gamle styremedlemmer og rekruttera nye, meiner dei. Dei er særleg opptekne av å få med seg 8.klassingar som kan ta vidare dette viktige arbeidet med å gjera Jesus kjent på skulane.

Styret i skulelaget ved Øygarden ungdomsskule



Kjøp kjapt, trygt og billig

KIWI mini pris

Søre Sæle

Tlf. 56 38 71 20

Mand – fred kl.08.00 - 22:00
Lørdager 08:00 – 20:00

**Det er vi
som bygger Øygarden**



Tlf. 56 38 28 00 - Fax 56 38 28 09

Adr. Pålsneset, 5337 Rong

www.th-bygg.no

Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca. 100 personar.
Arrangerer bryllaup,
konfirmasjonar og andre
tilstellingar.

Kan levera mat til alle
anledningar.
Middag, koldtbord og snittar.

Tlf. 56 38 93 80

Indrøy Taxi & Transport

**1 - 11 passasjerer
Rullestol**

Mobil: 90 59 90 59



Åsane Begravelsesbyrå AS
v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES
Døgnvakt tlf.: 5518 9000

Rossnes Taxi

Magne Ingvald Rossnes

Tinging av turar på

tlf.: 56 38 91 91 / 951 12 634

Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

E-post: post@solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

Gravminner

Leveres ferdig montert med garanti.
Be om katalog og pris.
Skrifthugging og oppussing utføres.



Bjørn Solheimslid
5336 TJELDSTØ
Tlf. 5638 9534 / 4004 1045



Tlf.: 56 38 24 40 - Fax: 56 38 24 41
Mobil: 928 41 790
E-mail: post@oygarden-elektriske.no

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet

Skjenet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)



Fastetida- tid for omvending

Fastetida tek til med Askeonsdag 17.februar, og fell delvis saman med Vinter-OL i Canada. Nettopp idretten kan lære oss noko om prioritering og disiplin for å oppnå det viktigaste. Som apostelen Paulus seier: "Veit de ikkje at dei som spring på stadion, dei er alle med i løpet, men berre éin får sigersprisen? Spring då slik at de vinn prisen! Alle som er med i kampleikane, må nekta seg alt. Dei gjer det for å vinna ein forgjengeleg krans, men vi for å vinna ein uforgjengeleg. Så spring eg ikkje utan mål; eg er ikkje som ein nevekjempar som slår i lause lufta.

Nei, eg er hard med kroppen min og tvingar han til å lystra, så ikkje eg, som har forkjent for andre, sjølv skal koma til kort." (1 Kor 9,24-27)

Korleis bør vi som kristne markere denne kyrkjeårstida, som vi markerer med fiolett kyrkjeårsfarge og som varar i 40 dagar, fram til Påske?

Sjølv om gudstenesta kvar veke er ei stadig påminning om å gjere bot og sanna syndene våre, er fastetida eit godt høve til å gjere bot. Det er fleire måtar å gjere dette på, og sidan det er saka som gjeld: *Djupare samfunn med Jesus Kristus, vår Herre og Frelsar*, får det vere fridom mellom oss når det gjeld korleis fastetida skal markerast.

Men når Herren Jesus sjølv måtte faste i førti dagar, skal ikkje vi bagatellisere denne saka. Han sa óg til sine lærersveinar: "Så greidde de ikkje å vaka ein time med meg? Vak og bed, at de ikkje må koma i freistung! Ånda er viljug, men menneskenaturen er veik." (Matt 26, 40-41).

Meir saman med Herren - det må vere vår måte å gjere dette på.

Men ein ytre disiplin har mykje å seiia for vårt indre liv. Mangel på dette har utan tvil vore med på verd-sleggjering av både den einskilde kristne, Kyrkja og samfunnet!

Det gjeld di Frelse og ditt Evige Liv! Slik kan difor t.d. Kyrkja sitt faste-kall utformast:

1) Ransk livet ditt, gå gjerne til Skriftemål og Sjelesorg.

- 2) Prioritér samlingar om Guds Ord.
- 3) Prioritér Bibelen og annan god lesnad.
- 4) Gje plass for stille.
- 5) Redusér forbruket ditt. Forenkle matvanane dine.
- 6) Redusér bruken av media, som internett, radio, TV, film, o.l.
- 7) Unngå unaudsynleg selskapsliv.
- 8) Gå til ein einsam, legg til side pengar til, eller hjelp nokon som treng det.
- 9) Forson deg med din uven så langt det står til deg.

10) Sjå fram til Påskehelga og bed for den!

Dette skal du legge vinn på - ikkje for å få premie, men for å samle deg om det eine naudsynlege.

"Er dette den faste eg vil ha: ein dag då mennesket plagar seg sjølv, heng med hovudet som sevet, kler seg i botsdrakt og ligg i oske? Kallar du dette for faste, er det ein dag etter Herrens vilje? Nei, så er den faste som eg vil ha: at du løyser dei som med urett er bundne, sprengjer banda i åket og friar ut dei som

er trælka, ja, knekkjer kvart åk, at du deler ditt brød med dei som svelt, og lèt heimlause stakkurar koma i hus, at du kler den nakne som du ser, og ikkje sviktar dine eigne. Då skal Ijoset ditt renna som morgenroden, snart skal dei lækjest og gro, dine sår. Di rettferd skal gå føre deg og Herrens herlegdom sist i ferda. Då skal Herren svara når du kallar på han, når du ropar om hjelp,

skal han seiia: «Her er eg!» Når du tek bort kvart tyngjande åk, held opp med å peika fingrar og tala vondt om andre..." (Jes 58,5-9)


Les óg Matt 6, 16-18.

Saka er viktig. Lat oss ta fastetida på alvor!

Gud signe kvar einskild! Ver trufast i forbøna!

Dykkar SvennM

Sokneprest



"Kirken har, ikke minst i eldre tid, stått på en høy plass i folks bevissthet. Kirken var det naturlige samlingssted om ord og sakrament. I Guds hus var man det hellige nærmere enn i hverdagens strev. Fra kirkehuset tok man ikke bare med hjem åndelige verdier, som levet i sinnen, som la evighetens perspektiv over livet i dets kamp og strid. Ved flittige besøk i Guds hus skaptes også en ny innstilling og verdifølelse, og den fikk sitt synlige uttrykk i sed og skikk. Vi møter slike skikker både i forbindelse med kirkereis og gudstjeneste og i livet ellers..."

Noen få slike skikker fra mine prestear i Herdla 1922-30 og deres mulige opprinnelse vil jeg nevne.."

Det var Sokneprest Bjørn Godø Zachariassen som sa dette. Han var fødd i Bergen 1897, og var sokneprest til Herdla fra 1922-1930. Det var då ikkje lenge sidan den siste delen av "vårt område" (Hjelme(ex Ytre Bø) sokn, 1916) som i si tid låg under Manger, vart lagt til Herdla Prestegjeld.



Vår gode "gamleordførar"(1972-1975) Alf Sæle hugsar godt denne "typisk bergenske" presten, som det er sagt på den tida var den yngste soknepresten i landet.

Zachariassen var ein ærleg og open, men óg from prest, flink liturg og god predikant. Red. hugsar sjølv godt Zachariassen som vikarprest i Fana på 60-talet og kan underskrive dette inntrykket.

Preikene hans var inntrengjande, grundige og lærde, med ei lita forteljing og hending i byrjinga eller på slutten. På ein kyrkjesundag i Herdla kom det fiskebåtar eller kutterar frå Turøy, Misje, Vik, Torsvik, Rong, Blomvåg, Ona, Tjeldstø, og Alvheim med folk som skulle til gudsteneste. Dei før over fjorden, la til i Herdlavågen og folk gjekk så opp til kyrkja. Presten kom i ornat frå heimen.

Zachariassen seier:

"En gammel skikk var det når kirkeklokken ringte sammen til gudstenesten, at manfolkene utenfor kirken tok hatten av. Klokken, hvis klang kaller de levende til omvendelse og de døde til hvile, bærer bud fra Guds evige verden. Derfor sørmer det seg å ta hatten av. Slik «å hilse på klokken» er et uttrykk for ærbodighet."

Det var belønning å få vera med til kyrkje, tykte Alf. Og ein jobb for far lå ofte bak! Etter gudstenesta sto folk i grupper på kyrkjebakken og prata.

Noko spesielt ved messa.

Noko spesielt kom i mot deg i Herdlakyrkja! Det var "nett som noko heilagt", ein behagelig og fin følelse. Dette meiner Alf "sat i" etter både restaureringsarbeidet etter brannen 1934 og oppbygginga etter den tyske okkupasjonen.

I 6-7 års alder var det interessant å sitte "musestille" i benken i Herdlakyrkja og observere dei vaksne. Mennene gjekk i vadmelsklede med dobbelt vest med klokkekjede. Det knirka i finskorne. Det var på den tida vanleg med hatter med store bremmer på. Det første mennene gjorde då dei kom inn i kyrkjebenken var å ta hatten foran andletet. Dei "ba i hatten." Same gjorde kvinnene,

men dei bad i den svarte silkeduken dei hadde oppå linhuva på hovudet.³ Dette var veldig fint, tykte Alf.

Presten seier om saka:

"En annen skikk, en ikke sjeldent så, var at mennene - særlig eldre - enten før de satte seg, eller etterat de hadde funnet plass, «bad i hatten»: holdt hatten foran ansiktet under bønn. Opprinnelsen til å «be i hatten» er vanskelig å finne. Det er vel uttrykk for trangen å være alene med sin Gud, uforstyrret av andres blikk. Så godt det lar seg gjøre, en lønnkammerbønn."⁴

Dei tok skikken med seg til nye Blomvåg kyrkje frå sist i 1931 seier Alf, men her kom skikken vekk, truleg, meiner Alf fordi det kom nye plagg, t.d. nyttा mennene etterkvart skyggeluer, "fiskaruniform".

Om krosssteikning seier Zachariassen:

"Så sent som i 1930 var der i annekset Hjelme en og annen av de gamle, som korset seg, når presten etter den aronittiske velsignelse tegnet det hellige kors.⁵

Korsteiknet bruktes også hjemme, som vern mot onde makter. Kvelden før Lucienatten, satte man tjære-eller krittorskjer på hus og låvedør.."

Til Blomvåg kom presten med presteskjessen, som la til ved Berget(I dag: Blomvåg fjordhotell). Kyrkjeklokken tok til å ringe då presten kom, og presten løfta på hatten.

Kyrkjelege handlingar

Alf fortel: Gravferdene vart halde frå heimane, og ikkje alltid var presten med. Men han hadde jordpåkastinga den neste kyrkjesøndagen.

Vigslene var på lørdag eller når det høvde i veka. Det hende at ein ikkje kunne kryssa fjorden.

Om kyrkjesikkar ved vigsel og gravferd fortel Zachariassen:

"Noen bryllupsskikk som bygger på gammel, nedarvet kirkelig tradisjon, kjenner jeg ikke i Herdla. Men nevnes skal, at brudgommen har hengende i en sølvkjede rundt halsen og ned på brystet en gammel sølvdalear, tildels utstøft med bladornamentikk. Mynten kalles den dag i dag:«agnesten». Dette navn går formentlig tilbake til ... da mynten eller medaljongen hadde en avbildning av Agnus Dei-Guds Lam.

Gamle menn fortalte meg, at de kunde huske fra sin barndom, at forsangerne, som gikk foran kisten(ved gravferd, red.), i lommen hadde småstein. Da de kom til kirkegårdsposten, kastet de småstein foran seg gjennom porten, for å holde «skrymt» borte.

Man har til den siste tid hatt skikken å bære kisten en gang rundt kirken. I sørgehuset eller på vei til kirken, samles hos mennene i følget inn penger til graverens arbeide. Det overskytende gis til misjonen..."

Kva så med konfirmasjonsførebuinga?

På Zachariassen si tid kom presten til "Alfen" sin barndomsheim på middag og ein kvil etter konfirmantlesinga i det gamle skulehuset



Bjørn Godø Zachariassen
1922 - 1930

på Blom, før presteskyssen kom for å ta han over fjorden att.

Presten ”okket seg”, og sa rett ut kva han meinte om konfirmantane ved middagsbordet: ”Å, Ingeborg⁶, i dag kunne ikkje Knut leksen sin.”

Lekselesinga gjekk i vasken fordi konfirmantane var med i småkasting etter sild og makrell i sommernatta, slik at dei hadde til konfirmantutstyret. To forskjellige antrekk måtte til, eit til sjølve konfirmasjonen, og eit til ”skriftesøndag”, som overhøyringa vart kalla.

Alf minnast at folk i bygdene varsla far og mor om når presten kom slik at han kunne koma med sakramentet til dei. Det var ”mest ikkje onsdag” utan at presten vitja gamle og sjuke i Sæle, Blom og Dale(”bortom vågen”):

”De må orsake meg, men eg måtte med sognebud, sakramentet og skrifttemålet. Det synes eg eg måtte ta først.”

I soknebod.

Sokneprest Bjørn Godø Zachariassen fortel:

”I et anneks(Hjelme, 1926, red.) pleiet jeg i sommerhalvåret å være 3 dager hver tredje uke med konfirmantlesing fredag og lørdag fm. og Gudstjeneste søndagen. Fredag em. bruktes til å besøke syke og gamle, og likeså lørdags em., hvis der da ikke var brudevigsel.

En fredag bad jeg konfirmantene fra en gard sør i soknet(Stura, red.) om å gå innom til et par gamle ektefolk med beskjed at presten ville komme til dem lørdag em. kl. 4 og ha nattverd med, om de ønsket å ta imot den.

Til fastsatt tid kom jeg til heimen deres; et gammelt hus med torvtak, godt vedlikeholdt, og rent og fint inne i stuen. Gamle Jakob, over 90 år, hadde rød topplue, korte buksar, hvite strømper med dusk ved kneet, hvit skjorte, rød vest med sølvknapper. Marta, 86 år, var kledd i bunad og med sort silkeforklæ⁷.

Bordet var dekket med hvit duk⁸. De gamle ønsket skrifttemål. Under skriftetalen og skriftebønnen randt tårene. De gråt over sine synder og sannet dem for Gud.

Like før nattverden sier Jakob: »Idag har me ikkje ete noko, sidan me skal taka imot nattverden.» De hadde intet nydt siden dagen før⁹. De syntes fasten var en av forberedelsene til enrett nattverdgang. Der ligger ikke lite av høy vurdering av nattverden i en slik forutgående faste. Det er ikke bare en gammel katolsk skikk Kfr. Luthers ord(i Katekismen, red.):»Faste og annen legemlig beredelse er vel en vakker utvortes skikk.» Under tårer tok de to gamle mot nattverden, etterpå foldet de hendene og takket Frelseren.

Efterat vi hadde talt med hverandre en stund, dekket Marta bordet. Presten skulle trakteres. Da vi alle tre satt ved kaffebordet, nevnte jeg at det var et deilig smør Marta hadde kjernet. Da sa Jakob: »Me brukar sore grøvt salt i smøret; me legg saltet på bordet og gnir over det med ei flaske. Det er justsom smøret vert drygare når me har grøvt salt i det.» Dette likte ikke Marta. Hun sa til mannen sin: »Tei no i still, gamle.»

Da jeg bad farvell, fulgte de mig ut i svalen og takket fordi presten var så «gemeinsleg å sjå inn til dei» og hadde gitt dem Herrens nattverd.”

Det hendte noen ganger etter sognebud hos gamle-såvel menn som kvinner-at da presten tok, dem i hånden og ønsket tillykke og salighet, kysset de prestens hånd. Det var i følelse av ærbodighet og takknemmelighet overfor selve sakramentet, at den hånd, som har rakt dem det hellige, æres med et kyss. Kfr. fra Skriften det hellige kyss. Kfr. til å kysse på hånden salmeordene: Jeg kysser på din hånd, om nåde beder. (R. L. 401, 3)”

Alf kommenterer: ”Dette er typisk for den andakten dei gamle viste overfor postillboka(Preikesamlinga) og salmeboka. Dei hadde dei inntulla i heile tre lag med kvit lerretsduk, og slik bar dei dei heilage bøkene med seg til kyrkja og inn i kyrkjebenkene før dei ”løyste tå.”

I kyrkja var stor salmebok alltid nytta, og folk fulgte med(i Tekstbokdelen, red.) når presten las¹⁰.

Presten med den varme menneskelege smilen

Bjørn Zachariassen fekk gjera all si prestetenesta i Bjørgvin bispedøme: Først då mellom oss her i Herdla/Øygarden, så i Tysnes, Bergen, Os og Fana.

Med sin lune, venlege framferd vann han seg mange veneblant unge og gamle alle stader der han hadde si gjerning. Mange som har vorte konfirmerte av han, minnest med takk og glede den lærdomen han gav under konfirmasjonsførebuinga, og den varme menneskelege smilen han kunne møte dei med mange tiår seinare.

Zachariassen kjende alltid særskild omsut og særleg ansvar for dei gamle og sjuke. Han var flink til å lydast innom til folk som sat eller låg einsame kringom i kyrkjelydane der han hadde sitt kall. Han var ekte bergensk, direkte, ekte og beint fram ”utan dekke”. Samstundes viser dette minnet frå prestetenesta ein vår og mild mann, som sjølv hadde gripe det inste i Evangeliet.

Sokneprest Bjørn Godø Zachariassen fekk heimlov i 1977, nær 80 år gammal.

Red.: svennam@hotmail.com

¹ - Etter samtalar med Alf Sæle, og: Bjørn G. Zachariassen, Herdla kirkes historie, Bergen 1934, ”Litt om kirkesikker i Herdla”, av kommuneprest Bjørn Zachariassen. Kyrkjesogelaget i Bjørgvin 1947. ”Et par minner fra en svunden prestetid” i: BJØRGVIN. Kyrkjesogelaget i Bjørgvin 1971. ”Minneord om sokneprest Bjørn Godø Zachariassen” av Henning Henriksen, og vårt eige ”Jubileumsskrift Hjelme gamle kyrkje 125 år. 1875-2000”, s.26-27. <http://www.kyrka.net/lokks.htm>

² - Noko av dette stoffet vart nytta ved preika i Herdlakyrkja 23.august 2009: <http://www.kyrka.net/230809.htm>

³ - Linhuva med silkeduk var vanleg hodeplagg for damene frå Misje til Hellesøy. Det var forskjellige versjonar for jenter og damer. Sør i Fjell vart nytta ei huva med farga bendelband.

⁴ - Eg er ikkje sikker på om Zachariassen har rett i at dette er forklaringa. Snarare viser dette at Herdla/Øygarden har djupe åndelege røter i den store kyrklege tradisjonen!(Red.)

⁵ - Zachariassen legg til: ”Sogneprest Skagen fortalte at i hans Herdla-tid (1908-16) var der gamle i kirken, som neitet 3 ganger, 1 gang for hvert av velsignelsens tre ledd.”

⁶ - Alf sin far var Ole Iversen Sæle, d.1952, mens mor var Ingeborg, d. 1970, og vart gravlagd av sokneprest Kvarstein, den første presten i det prestegjeldet me kjenner i dag. Det var ein from heim.

⁷ - Dette var festklede, t.d nytta i gravferd, brudevigsel og på reiser, seier Alf. Folk gjekk ikkje slik kledd til dagleg.

⁸ - Alf Sæle: Truleg vart også tende lys nytta.

⁹ - Alf fortel om bestemora si: Anna Monsina Knutsdotter Blom: Ho åt ikkje før ho gjekk til altars, og gjerne heller ikkje middag når ho kom heim. Alf og henne sat ein dag og prata om det dei hadde høyrd og sett på ei kyrkjereis til Herdla. Anna hadde ikkje gått til altars denne sundagen. Kvifor, ville Alf vite. ”Eg følte meg ikkje verdig” sa Anna. Verdig? Sa Alf. Ja, det står jo at ein skal prøva seg sjølv, slik at ein ikkje et og drakk seg sjølv til doms!

¹⁰ - Sokneprest Dankert Skagen fortel òg om gamle som tok vare på dei heilage bøkene i eit skrin under senga. Noko slikt hadde han aldri sett før, sa han.

SparebankenVest

- satser på Vestlandet



Ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

| | |
|--------------------------------|------------------------------|
| Fisk- og ferskvarespesialisten | Fristende frukt og grønt |
| Innholdsrik betjent ostedisk | Nydelige nystekte bakervarer |
| Velsmakende varm mat | Herlig salat - og fruktbar |

Ope mandag - fredag kl. 8 - 21, laurdag kl. 9 - 20

 **EUROSPAR Rong** tlf. 56 38 71 40



Catering:

- Snitter
- Koldtbord
- Varm Mat
- Baguetter
- Kolftallerken
- Kaker

Tlf.: 56 38 74 54

B-P-S Solutleige
v/Arvid Rong 5337 Rong
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22

Mobil: 918 56 258

Vi formidlar blomster til innland og utland



trend frisør
RONG SENTER
Eigne prisar for pensjonistar
Langope torsdag
TIMEBESTILLING 56 38 73 90



5334 HELLESØY
TLF: 56388008/47755570
ORG.NR.984589565
e-post: hellesoy@ngbutikk.net

ÅPNINGSTIDER :
MAND.-TORSD. 900-1800
FRED. 900-1900
LØRD. 900-1600

VI HAR SØNDAGSÅPENT I SOMMERHALVÅRET.


Instalasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/parabolanlegg
Elektroverksted
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00
Vakttelefon: 922 34 062
www.torsteinsvik.no

Mand-fred 10-18
Lør 10-16
Tlf.: 56 38 86 00
Fax 56 38 85 99

KLEOPATRA
Gave & Interiør

RONG SENTER
Julelotteri til våre kunder 1.-19-des. Fem heldige vinnarar.



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- Vaskehall
- Kaffiaftale
- Gass



BLOM
SERVICESENTER AS

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80
Godkjent bilverksted

Bokhandelen som setter kristen
litteratur og musikk i fokus



Bok & Media* Vestbok
Vetrldssallmenningen 1 5014 Bergen
Tlf: 55 31 79 63
www.vestbok.no

Minibokhandel
på
kyrkjekontoret

KYRKJELEGE HANDLINGAR

DØYPTE

Blomvåg:

Thomas Kinsey Ekerhovd,
Veslevarden
Marcus Risa Fjeldstad,
Torsvikhøgda
Emmeline Risa Fjeldstad,
Torsvikhøgda
Selina Isabell Hennø,
Ågotnes
Anine Paulsen Solsvik,
Knappestigen
Melissa Monsen Tornøe,
Veslevarden
Noah Blomvågnes Hammer,
Austemarka

Hjelme:

Andreas Nordvik Oliversen,
Håkletten
Triana Heggholmen Loftås,
Grønhaugvegen

VIGDE

Blomvåg:

Inger Marie Blom og
Alan Rimer Bonifacio Corrales

Hjelme:

Caroline Knappen og
Kristian Svellingen

DØDE

Blomvåg:

Elisa Kristina Oppedal, Nautnes
f. 1929
Hendrika Ruppert Andersen,
Sagvåg f. 1926
Klara Førde Dale, Dale f. 1925
Oddbjørg Aud Dale, Bergen f. 1937

Hjelme:

Bernhard Oliversen, Tjødnarvegen
f. 1924
Sølvi Irene Etterlid,
Oslo f. 1949
Kjell Magne
Hellesøy, f. 1941

Innkomne offer:

Blomvåg kyrkje:

| | |
|----------|---------------------------|
| 20 sept. | Den Norske Israelsmisjon |
| 4. okt | Kyrkjelydsarbeidet |
| 18. okt | Familie og Medier |
| 1. nov | Åpne dører |
| 15. nov | Kyrkjelydsarbeidet |
| 29. nov | Sjømannskirken |
| 13. des | Kyrkjelydsarbeidet |
| 20. des | Kor og korps som deltok |
| 24. des | Strømmestiftelsen SKRIK |
| 25. des | Det Norske Misjonsselskap |

| |
|-------------|
| kr. 2894,00 |
| kr. 3206,50 |
| kr. 2283,00 |
| kr. 2830,50 |
| kr. 3323,00 |
| kr. 2231,00 |
| kr. 1657,00 |
| kr. 4656,00 |
| kr. 8530,50 |
| kr. 3967,00 |

Hjelme kyrkje:

| | |
|-----------|--------------------------|
| 27. sept. | Kyrkjelydsarb |
| 11. okt | Normisjon |
| 25. okt | Kyrkjelydsarbeidet |
| 8. nov | Norsk Misjon i øst |
| 22.nov | Kyrkjelydsarbeidet |
| 6. des | Den Indre sjømannsmisjon |
| 20. des | Kor og korps som deltok |
| 24. des | Strømmestiftelsen- SKRIK |

| |
|-------------|
| kr. 2632,00 |
| kr. 2760,00 |
| kr. 1610,00 |
| kr. 4483,50 |
| kr. 1665,00 |
| kr. 2953,00 |
| kr. 3087,50 |
| kr. 7250,00 |

GUDSTENESTER

Sidan Blomvåg kyrkje vert stengd
på ubestemt tid, vert det endringar i
gudstenesteturnusen.

Sjå elles melding side 5.

07.feb Hjelme kyrkje kl. 11:00
Familiegudsteneste v/ Svenn
Martinsen. Dåp.

14.feb Hjelme kyrkje kl. 11:00
Familiegudsteneste v/ Egil
Hjortland. Song av Øygarden
barnekantori. Dåp

21.feb Hjelme kyrkje kl. 11:00 Høgmesse
v/ Svenn Martinsen. Song av
Øygarden gospel. Nattverd. Dåp
Tale ved Odd Bjarne Skogestad fra
Israelsmisjonen

28.feb Hjelme kyrkje kl. 11:00 Høgmesse
v/ Svenn Martinsen. Nattverd. Dåp

07.mars Blom bedehus kl. 11:00 Høgmesse
v/ Egil Hjortland. Nattverd

14.mars Hjelme kyrkje kl.11:00
Familiemesse v/ Svenn Martinsen.
Nattverd

21.mars Hjelme kyrkje kl. 11:00
Familiegudsteneste v/ Svenn
Martinsen. Avslutning for
dåppskulen.

28.mars Hjelme kyrkje kl. 11:00 Høgmesse
v/ Svenn Martinsen. Nattverd. Dåp

Takk!

Takkar for gåver, blomar, helsingar og alle som kom og
gjorde dagen min fin.

Lilly Troland

TIL LUKKE



70 år:

Myrna Karin Hellesøy, Hellesøy
Marit Johanne Rosendahl Sæle, Nordre Sæle
Inger Johanne Rødsand, Tjeldstø
Randy Kristina Hansen, Rong
Anlaug Else Torsvik, Torsvik

75 år:

Peder David Fjeldstad, Tjeldstø
Kjell Døskeland, Skjold

80 år:

Mons Torsvik, Torsvik

85 år:

Ole Andreas Dåvøy, Dåvøy

90 år:

Magnus Torsvik, Torsvik

Bergen & Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv

Knut Helge
Polden

Espen
Polden

Elin Mikkelsen
Berntsen

Heine
Polden

Tom
Wilson

Døgn telefon: 55 21 44 50 • **mobil:** 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2. etg på Shellstasjonen
5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50

Returadresse:
ØYNYTT
Boks 144
5331 RONG

B posten Øy Nytt
DISTRIBUERAST AV POSTEN NORGE
NOREG P.P. PORTO BETALT

Glimt frå julefeiringa i Øygarden



Også i år har vi hatt mange flotte arrangement i adventstida og i sjølve julen. Vi i staben i kyrkja var imponerte over innsatsen borna gjorde i lag med lærarar og barnehagepersonale i samband med skulegudstenester og barnehagegudstenester. Vi fekk blant anna oppleva mykje flott korsong, brass-grupper og skodespel. Og det var nok mange kyrkjegjengjarar som la merke til den vakre pynten frå borna som hang i kyrkjene under heile julen.

Også på bedehusa var det fleire julefestar. På Hellesøy var det opptreden og song av borna, konkurranse, og sjølv sagt juletregong og mat. På biletene ser de glimt frå julen i kyrkja og Hellesøy bedehus.

Tekst: Trine Overå Hansen

Foto: Trine Overå Hansen og Kari S. Rong

